



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Skjønnsmidlar 2020 – fordeling av resten av ramma for Vestland

Fylkesmannen i Vestland har kr 10 250 000 i skjønnsmidlar som ikkje er fordelte til kommunane i Vestland. Etter nærmare vurderingar av 15 kommunar, har vi gjort følgjande fordeling av midlane:

Kommune	kroner
Bergen	2 500 000
Kinn	1 000 000
Stord	1 250 000
Fitjar	500 000
Øygarden	1 000 000
Osterøy	1 250 000
Austrheim	500 000
Sunnfjord	1 000 000
Gloppen	1 250 000
<b>SUM</b>	<b>10 250 000</b>

Vi har i fordelinga teke omsyn til

- at føremålet med skjønnsmidlar er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er vareteke godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar
- ei heilskapleg vurdering av kommunanes økonomi og behov
- at skjønnsmidlar bør bli gitt på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon, og ikkje på grunnlag av tilhøve i einskildståande sektorar.

I tillegg har vi på nytt vurdert kommunar som får utilsikta reduksjonar i inntekter som følgje av kommunesamanslåing (jf. tidlegare korrespondanse og vårt brev av 16.06.2020).



### **Bergen**

Fylkesmannen planla for perioden 2015 – 2019 å gje 6,5 mill. kroner i årleg skjønnskot til fem utvalde kommunar til satsing mot barnefattigdom. Bakgrunnen for dette var at Fylkesmannen skulle vere pådrivar overfor kommunar med sikte på eit samordna tilbod til utsette barn og unge. Målsetjinga var at dei utvalde kommunane skulle arbeide fram lokale løysingar som kunne gjere kvardagen og framtida betre for desse barna, og motverke sosiale skilnader for barna. Av årleg tilskot på 6,5 mill. kroner, var 2,5 mill. til Bergen kommune. Tilskotsutbetalinga til Bergen kommune har vore eitt år på etterskot, samanlikna med dei andre fire utvalde kommunane. Kommunen får difor 2,5 mill. kroner til satsinga mot barnefattigdom også for 2020. Dette er siste tilskotet i samband med denne særskilte satsinga.

### **Kinn**

Samanlikna med det som vart berekna for tidspunktet for samanslåinga mellom Flora og Vågsøy er det no berekna at den nye kommunen Kinn får utilsikta reduksjonar i rammetilskotet (Sør-Norge tilskotet). I tillegg vurderer Fylkesmannen at den nye kommunen har ein svært stram overordna økonomi, som utfordrar tenesteproduksjonen på lovpålagte område.

### **Stord**

Kommunen får skjønnskmidlar med grunnlag i svak økonomi vurdert ut frå ein overordna økonomisk situasjon og særlege utfordringar innan sosiale tenester.

### **Fitjar**

Kommunen har høge netto utgifter til ressurskrevjande tenester, som betyr svært høg eigendel målt etter tal innbyggjarar. Kommunen har òg vist til ekstraordinære utgifter til sosialhjelp til flyktningar i overgangsperioden fram til utdanning eller arbeid, ekstra kostnader for barneverntenesta og auka utgifter til spesialundervisning. Samla gjer dette det krevjande å skaffe balanse i drifta.

### **Øygarden**

Samanlikna med det som vart berekna for tidspunktet for samanslåinga mellom kommunane Fjell, Sund og Øygarden er det no berekna at den nye kommunen Øygarden får reduksjonar i inntektsutjamninga knytt til skatteinntekter. Kommunen får difor skjønnskmidlar etter utilsikta reduksjonar i inntektssystemet.

### **Osterøy**

Osterøy er Robek-kommune med svak overordna økonomi. Kommunen har store utfordringar med å få til ein plan som kan skaffe balanse i drifta. Det må vere balanse når kommunestyret skal vedta budsjett- og økonomiplan for 2021 – 2024.

### **Austrheim**

Kommunen har vore Robek-kommune frå 2018 og har ved utgangen av 2019 eit akkumulert underskot på 0,9 mill. kroner. Planen er at underskotet skal verte dekt inn i 2020. Hovudutfordringa no er å bygge opp eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond, som ein reserve til å møte uføresette hendingar som får konsekvensar for økonomien. Kommunen får skjønnskmidlar med grunngeving i svak overordna økonomi og Robek-kommune.

### **Sunnfjord**

Samanlikna med det som vart berekna for tidspunktet for samanslåinga mellom kommunane Jølster, Gaular, Førde og Naustdal er det berekna at den nye kommunen Sunnfjord får reduksjonar i inntektsutjamninga knytt til skatteinntekter. Kommunen får difor skjønnskmidlar etter utilsikta reduksjonar i inntektssystemet.

**Gloppen**

Kommunen har svak overordna økonomi etter eit underskot i 2019, og brukar opp frie midlar til å dekkje dette. Gloppen har òg svak vekst i frie inntekter i det framlagde statsbudsjettet for 2021. Kommunen må gjennomføre større innsparingar for å unngå eit nytt underskot i år. Samla sett betyr dette at kommunen har ein høg risiko for å bli Robek-kommune.

Vi ber departementet betale ut midlane til kommunane gjennom rammetilskotet.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg: Excel-ark med fordeling

Kopi til:

Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE